
Saksnr: 2020/35099-28
Saksbehandlar: Inger Lena Gåsemyr,
Elizabeth Jan Warren

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.2020

Fordeling av tilskot til verna kulturminne 2020

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering fordeler tilskot på kr. 2 705 250 til verna kulturminne frå budsjettpost 400.650.01 slik:

	Kommune	Tilråding
1	Alver	163 700
2	Askøy	63 400
3	Bjørnafjorden	200 000
4	Fitjar	150 000
5	Fjaler	100 000
6	Kvam	262 000
7	Luster	241 450
8	Modalen	125 000
9	Osterøy	100 000
10	Sogndal	235 000
11	Stord	173 300
12	Sveio	116 400
13	Tysnes	100 000
14	Ullensvang	300 000
15	Vaksdal	100 000
16	Vik	200 000
17	Øygarden	75 000
SU M		2 705 250

Samandrag

Ordninga skal bidra til å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og sikre kulturminne som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Tilskotsordninga tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane i Vestland fylke, regulert til bevaring/omsynssone vern i kommunale arealplanar eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi. Ordninga er forankra i handlingsprogram for Regional kulturplan for Hordaland 2015- 2025.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I nasjonale forventningar til kommunal planlegging har kommunane hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne. For å stø opp om dette arbeidet tek den regionale tilskotsordninga sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne som er prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi. Fylkeskommunen ynskjer å stimulere kommunane til auka innsats på kulturminnefeltet, støtte opp om kommunane sine kulturminneplanar og prioritere verneverdige kulturminne av regional verdi. Kommunar som har vedtatt kulturminneplan og etablert tilskotsordningar for kulturminnetiltak er prioriterte, saman med kulturminne av regional verdi.

I 2020 er det 17 kommunar som har sendt inn 49 prosjekt. Av desse er 4 av kommunane frå tidlegare Sogn og Fjordane. Samla totalkostnad på istandsettingsprosjekta er på over 14 millionar. Samla søknadssum er ca. 6.2 millionar. Då tilskotsordninga er ny for fleire av kommunane i Vestland fylkeskommune, kan vi vente ei vekst i samla søknadssum i framtida. Det vil difor bli vurdere ei ytterlegare styrking av ordninga, slik at ein får betre forhold mellom søknadssum og fordeling.

Tilskot til verna kulturminne var ei ny ordning i tidlegare Hordaland i 2018. Den avløyste den gamle tilskotsordninga til vern og vøling av kulturminne. Tilskotsordninga er vidareført i Vestland fylkeskommune. Revisjon av retningslinjer for tilskot til verna kulturminne i Vestland fylkeskommune vart handsama i hovudutval for kultur, idrett og integrering 12.11.2019, PS 4_2019.

I 2019 var det 19 kommunar som sendt inn søknader, mens i 2018 var det 16 kommunar. Total søknadssum til ordninga har nesten dobla seg frå i overkant av 3 millionar kroner i 2018 til ca. 5,5. millionar i 2019.

Generelt

Budsjett 2020	2 059 250 kroner
Fondsmidler (budsjettpost 400.650.01)	646 000 kroner
Søknadsfrist 2020	15. mars
Vedtaks kriteria	KULII 12.11.2019, PS4 2019
Informasjon om tilskotsordninga	Brev sendt til kommunane i Vestland fylke 16.12.2019 og informasjon på heimesida til Vestland fylkeskommune
Tal kommunar som har søkt	17 (4 kommunar frå tidlegare Sogn og Fjordane)
Tal innsendte prosjekt	49 (10 prosjekt frå tidlegare Sogn og Fjordane)
Samla søknadssum	Ca. 6.2 mill.
Tilrådd til fordeling	2 705 250 kroner

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett.

Klima: Tiltak som sikrar bruk av eksisterande bygningsmasse er positivt for klimarekneskapen.

Folkehelse: Kulturarv har positiv verknad på folkehelse,

Regional planstrategi: Tilskotsordningane er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR og Kultur for alle Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane, 2019-2027.

Konklusjon

Hovudutval for kultur, idrett og integrering fordeler tilskot på kr. 2 705 250 til verna kulturminne frå budsjettpost 400.650.01 slik:

	Kommune	Tilråding
1	Alver	163 700
2	Askøy	63 400
3	Bjørnafjorden	200 000
4	Fitjar	150 000
5	Fjaler	100 000
6	Kvam	262 000
7	Luster	241 450
8	Modalen	125 000
9	Osterøy	100 000
10	Sogndal	235 000
11	Stord	173 300
12	Sveio	116 400
13	Tysnes	100 000
14	Ullensvang	300 000
15	Vaksdal	100 000
16	Vik	200 000
17	Øygarden	75 000
SU M		2 705 250